



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Masfjorden - 20/49 - utviding av areal - dispensasjon


Vi viser til brev frå kommunen datert 13.05.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen til kommuneplanen for utviding av areal til lager/oppstillingsplass gnr. 20 bnr. 49.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det vert dispensed frå, omsyna i lova si formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

LNF-områder i kommuneplanen skal som hovudregel vere ubygde, med unntak av bygg som er naudsynt for landbruket. I LNF-formål skal ein ta særleg omsyn til landbruk, natur og friluftsliv.

Det er no søkt om å planere eit areal på om lag 1800 m². Tiltaket krev vesentleg terrengeinngrep, med 8-13 meter høge skjeringar. Det er ikkje opplyst kor mykje masser ein må ta ut, eller kva ein skal gjere med massane. Vil, til dømes, handteringen av massane vere i samsvar med avfallspyramiden?





Vi kan ikkje sjå at dette tiltaket er foreinleg med LNF-formålet, kor ein mellom anna skal ta vare på natur og landskap.

Arealet som no er søkt planert, er nyleg frådelt frå hovudbruk gnr. 20 bnr. 1. Vi skreiv i vår uttale til delingssaka:

«Sjølv om dette er ei etablert bedrift, meiner Statsforvaltaren at utvidinga bør vurderast i ein plansamanheng, helst i ein kommuneplanprosess. Bedrifta ligg i dag i LNF-formål og alle nye tiltak for å styrke bedrifta vil slik sett vere i strid med formål i kommuneplanen. Ein vidare utvikling av bedrifta på dispensasjonar vil, etter vårt syn, vere uheldig. Ein kommuneplanprosess og ein reguleringsplan vil kunne sikre bedrifta føreseielege rammer, og viktige planomsyn som til dømes støy, trafikktryggleik, klima, landbruk, landskap, friluftsliv og naturmangfald kan vurderast og takast omsyn til. Ein planprosess vil også sikre tilstrekkeleg grad av medverknad.»

Statsforvaltaren rår primært ifrå dispensasjon i denne saka. Ein dispensasjon for arealoverføring, vil skape ein forventning om å få nytte heile området til næring. Vidare næringsutvikling i dette området må etter vår vurdering vere planstyrt.»

Kommunen har ikkje vurdert om det er naudsynt med dispensasjon frå krav om reguleringsplan etter pbl. § 12. Statsforvaltaren vurderer i utgangspunktet at omfanget av tiltaket, gjer at det kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn og at det difor må utarbeidast ein reguleringsplan jf. pbl. § 12-1. Det er skjerande at tiltaket ikkje er i samsvar med formålet i kommuneplanen, men om arealformålet i kommuneplanen hadde vore næring, ville det vore krav om reguleringsplan i føresegnd 4.1 i kommuneplanen. Det er også uklart om dette tiltaket vil dekke verksemda sitt framtidige behov, eller om det vil komme fleire dispensasjonssøknadar.

Statsforvaltaren vurderer at tiltaket vil sette omsyn til landskap og natur vesentleg til side ved ein dispensasjon i saka. Vi rår ifrå dispensasjon. Om bedrifta skal utvide drifta si, bør dette klargjeraast i kommuneplanen og det bør utarbeidast ein reguleringsplan.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN